

Nordhordland Veteranbåtlag

Rapport om bruken av midlar løyvde av HFK som Tilskot til fartøyvern 2014

a) Gjennomførte tiltak

1. Prosjekt Skrog: A) Slippsetjing hos Bergen Group Skjøndal på Laksevåg. Omfattar betaling for landstraum, slippsetjing, bunnsmøring, skifte av sinkanode.

B) Reparasjon av skuteseide i forskip, SB side over vannlinje, inneber flytting av SB-bunkerstank, reparasjon av stål, maling etterpå og tilbakemontering av bunkerstanken. Akseptert tilbod frå Mostraum: kr. 52.000. Materialane er betalte med kr. 6.131.
2. Prosjekt Dekksutstyr:
Innkjøp og transport av 2 stk brukte anker + kjetting frå Fosen Gjenvinning AS, Revsnes.
3. Prosjekt Sikkerheit:
 - A. Resertifisering av redningsflåte og innkjøp av div. redningsutstyr frå Viking Life-Saving Equipment, Straume
 - B. Innkjøp av 65-personars redningsflåte «Ferryman» frå Survitek Group, Ålesund

b) Rekneskapsoversyn 2014

<i>Prosjektoperasjon</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Utgifter</i>
Slippsetjing m/diverse bunnsmøring		66165
Stålreparasjon SB skuteseide		6131
2 stk ankerkjetting m/transport		14945
Diverse redningsutstyr		27460
Redningsflåte		11875
Samla utgifter, utbetalt		126576
Tilskot frå HFK til fartøyvern 2014	130000	

Det framgår av denne oppstillinga at det er eit avvik mellom budsjettert og fakturert pris på stålreparasjonen. Dette kjem av at Svein Mostraum berre har fakturert NHVL for materialbruken men ikkje for arbeidet, som såleis blir ei gratisyting frå hans side. Pr. dato står dermed kr. 3.424 av HFK-løyvinga udisponerte. I tillegg er eitt delprosjekt under Skrog utsett til 2015. Delprosjektet gjeld reparasjon av stål i skuteseide BB side i lugarområdet: Demontering av innreiinga i dei to lugarane, reparasjon av stål i spant og hudplate. Maling etter ferdig stålarbeid og montering av innreiinga i lugarane. Tilslutt skal lugarane malast. Akseptert tilbod frå Mostraum: kr. 107.000.

c) Dokumentasjon

Vedlegg: Disponering av midlar løyvde av HFK for 2014 (kr. **130.000**)

<i>Firma</i>	<i>Prosjektoperasjon</i>	<i>Kostnader</i>	<i>Vedlegg</i>
--------------	--------------------------	------------------	----------------

Svein Mostraum	Stålreparasjon SB skuteside	6131	II
Bergen Group Skjøndal	Slippsetjing m/diverse ovfl. behandling	66165	III
Fosen Gjenvinning	2 stk ankerkjetting m/transport	14945	IV
Viking LS Equipment	Diverse redningsutstyr	27460	V
Survitec Gropup	Redningsflåte	11875	VI
Totalt utbetalt		126576	
Utsett arbeid	1 delprosjekt Skrog; utsett til 2015	ca. 107.000	



Det vedlagte fotoet (delprosjekt A) under Skrog)) viser den innvendige SB skutesida, med spanter og hudplater etter at reparasjonen og malingsarbeidet var ferdig. Plassen i dette rommet er svært begrensa, og når dette vart gjort måtte bunkerstanken (til venstre) flyttast fram om lag 1,5 meter.

For framtida vil vi skjerpa våre dokumentasjonsrutinar slik at også FØR-situasjonen blir fotografert.

Vi håpar ovanståande dokumentasjon gir HFK eit fyllestgjerande inntrykk av det prosjektarbeidet som er utført og at utbetaling av det løyvde beløpet for 2014 på kr. 130.000 kan skje til NHVL sin konto nr. 3624.07.25211.

Ostereidet, 15.11.2015

For Styret i NHVL

Tor Johannes Bjørgaas

Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag

Vedlegg